



# Foredragshaldarar dag 1



## Åsbjørn Vetti

er seniorrådgjevar i KS Konsulent, ansvarleg for klima, miljø og politisk styring. Han arbeider med kommunal planlegging, omstilling, organisasjonsutvikling og leiarutvikling. Åsbjørn har jobba med ei rekke kommunar og fylkeskommunar sidan 2005.



## Erik Trømborg

er professor i skogøkonomi og seksjonsleiar for Fornybar energi og skogvitskap ved NMBU. Han underviser og forskar på marknader og verdikjeder for skogprodukt og bioenergi, skogøkonomi og energisektoranalyser, samt klimasmart forvaltning av skogressursane. Han var medlem av Klimautvalet 2050 som leverte sin NOU i oktober 2023.



## Ulf Andersen

har vore statistikkjef i NAV i 10 år, med ansvar for statistikkproduksjon og publisering. Tidlegare adm. dir. i MMI (no Ipsos). Han er mykje brukt som föredragshaldar og talsperson for NAV i media.



## Anja Gjærum

er utredningsleiar i Kommunal- og distriktsdepartementet. Ho har jobba med innovasjon i 20 år og skriv doktorgrad om digitalisering i distriktskommunar. Anja var med å skrive Stortingsmeldinga om innovasjon i offentleg sektor og utarbeide Scenario for offenleg sektor mot 2024.



## Geir Dagfinn Sylte

er adm. dir. ved Helseinnovasjonssenteret AS. Geir har helsefagleg bakgrunn med cand. mag. frå Høgskolen i Molde og master i administrasjon og leiing frå NTNU. No forskar han på innovasjon og omstilling i helsetenesta og ser at sikring av helsetenester i framtida krev eit breitt samfunnsengasjement.



## Mette Jane Holand

er Innovasjons- og endringssguide i Smart Molde. Ho jobbar på InnbyggerLaben INNOM i Molde. Mette er opptatt av samarbeid mellom samfunnsaktørar for raskare og betre resultat.



# Foredragshaldarar dag 1 forts.



## Kjell Overvåg

er professor i samfunnsgeografi ved Høgskolen i Innlandet. Han forskar på utvikling og planlegging i rurale område, inkludert fritidsbustader, turisme og vindkraft. For tida arbeider han mellom anna med prosjektet RURALPLAN. Eit prosjekt som fokuserer på innovativ planlegging i rurale områder som opplever befolkningsnedgang.



## Geir Vinsand

jobbar med kommuneutvikling og interkommunalt samarbeid i heile landet i NIVI analyse. I 2023 gjennomførte han ei kartlegging og analyse av interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal. NIVI bistår kommunar med utvikling av tenesteproduksjon og har uteidd regionalt plankontor i tre kommuneregionar. Geir er opptatt av at kommunane må samarbeide meir om plan- og utviklingskompetanse for å møte utfordringsbilde.



## Pergunn Rødseth Gjerdsbakk

er verksemdleiar for Miljø og samferdsel i Ålesund kommune. Ho har utdanning innan bedriftsøkonomi, marknadsføring og internasjonalisering frå BI. Hun er også utdannet interiørarkitekt med tilleggsutdanning innen eiendomsforvaltning og utvikling. Pergunn er sterkt engasjert i å skape rom for alle og samarbeide for å nå måla.



## Peter Wahl Hareide

arbeidar kvar dag med byutvikling i Ålesund som dagleg leiar for Sørsida Utvikling. Han er utdanna sivilingeniør innan bygg og miljøteknikk frå NTNU og har erfaring frå fleire byutviklingsprosjekt i andre byar i Noreg. Peter er opptatt av å bidra til ein meir levande by som skal nå klimamåla. Dette krev tilpassing både i notid og framtid.



## Ingunn Bekken Sjåholm

er fylkesplansjef i Møre og Romsdal fylkeskommune.



# Foredragshaldarar dag 2



## Per Espen Stoknes

er psykolog med doktorgrad i grøn økonomi fra universitetet i Oslo, førsteamanuensis ved BI og TED Global Speaker. Han er med-grunnleggjar av fleire miljøteknologiselskap og har lang erfaring som foredragshaldar og bedriftsrådgjevar. Han har skrive fleire bøker om grøn vekst og klima.



## Kent Håkull

leiar planavdelinga i Haugesund kommune og har mastergrad i planlegging frå University of Waterloo i Canada. Han er kommunedirektørens representant i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og kommunekontakt i Statsforvaltaren sitt nyopprettet CRPD-nettverk. Han jobbar for berekraftig utvikling gjennom ulike organisasjonar i inn- og utland.



## Malin Ramnemo

er avdelingsleiar for Prosjekt miljø og samferdsel i Ålesund kommune. Ho er utdanna byplanleggjar innan strategi og planlegging av offentlege rom. Malin er engasjert i samarbeid, sosiale verdiar og mobilitet i byutvikling.



## Malin Førde Leine

er prosjektleiar for Strategi for bysentrum i Ålesund kommune. Ho har mastergrad i samfunnsendring, organisasjon og leiing. Ho forskar på privat-offentleg samarbeid innan berekraftig by- og regionutvikling. Malin har erfaring frå privat sektor innan regional omdømmebygging og B2B-samarbeid.



## Dorte Narum

er utdanna arkitekt frå NTNU og jobbar i avdelinga Prosjekt miljø og samferdsel i Ålesund kommune. Ho er prosjektleiar for Byromsprosjektet, der fem mindre byrom i sentrum av Ålesund blir oppgradert.



## Malene Aaram Vike

leiar avdelinga for samfunnsutvikling i Sunndal kommune. Her har ho ansvaret for mellom anna plan, byggensak, oppmåling, naturforvaltning, beredskap og næringsutvikling. Ho har brei erfaring innan samfunns- og næringsutvikling. Malene elskar å jobbe i kommunen der ingen dag er lik og tenestene til innbyggjarane betyr noko for folk sin kvar dag.



# Foredragshaldarar dag 2 forts.



## Hilde Olaisen

er senior lysdesignar og berekraftsansvarleg i Zenisk Lysdesign. Ho har mastergrad i arkitektonisk lysdesign frå Universitet i Wismar, med spesialisering i berekraftig lyssetting. I sitt arbeid i Zenisk har Hilde arbeida med å finne løysingar som gir dei beste premissa for at folk og natur skal trivast.



## Marit Iversen

er samfunnsvitar og seniorrådgjevar i Husbanken. Ho jobbar med bustadsosiale omsyn i planlegging og har delteke i eit forsøk for å sikre koordinert statleg rådgjeving innan det bustadsosiale område.



## Unni Støbet Lande

er forskar og stasjonssjef ved NIBIO Tingvoll. Ho har ein master i naturressurs-forvaltning frå NTNU og PhD i viltøkologi frå SLU Umeå, i tillegg til eittårig utdanning innan GIS frå Høgskolen i Gjøvik. Unni arbeider også i SEBAN med å integrere berekraftig areal- og naturforvaltning i kommunale planar, i tillegg til å drifta klimanettverket på Nordmøre.



## Aksel Hagen

er førsteamannusis/pensjonist i samfunnsplanlegging ved Høgskolen i Lillehammer. Han har undervist og forska på planlegging i praksis. Samtidig har han vore politisk aktiv på alle tre forvaltningsnivå. Aksel er meir enn alminneleg interessert i forhaldet mellom plan og politikk, mellom planleggar og politikar – eit underforska tema.



## Anne Sofie Bjelland

er PhD-student og forskar på berekraftsomstilling i bygg ved Høgskulen på Vestlandet. Ho forskar på korleis eksisterande bustader kan tilpassast framtidas lågutsleppssamfunn.